

Dato:14.10.2005

Saksnr.:2005/3686

Løpenr.:15511/2005

Arkiv:

Sakshandsamar:Anne Lise Myrvoll

HØYRING FORSLAG TIL REVIDERT RAMMEPLAN FOR BARNEHAGANE

Saksnr	Utval	Møtedato
79/05	Oppvekst- og kulturutvalet	03.11.2005

SAKSUTGREIING:

Tysvær kommune har som høyringsinstans mottatt forslag til revidert rammeplan for barnehagen med høyringsfrist 07.11.05.

Høyringsutkastet byggjer på og skal erstatte rammeplan for barnehagen frå 1995.

Rammeplanen skal gi retningslinjer for barnehagen sitt innhald og oppgåver. Planen skal gi barnehagen sitt personale, eigar og tilsynsmynde ei forpliktande ramme for arbeidet. Rammeplanen skal vere eit utgangspunkt for foreldre/føresette sin rett til å påverke innhaldet i barnehagen. Planen er redusert frå rundt 130 til vel 20 sider.

Oppbygging av planen:

Kapittel 1: **Barnehagen sitt samfunnsmandat** handlar om barnehagene sine oppgåver i forhold til dei overordna måla i barnehageloven si bestemming om formål og innhald i vårt demokratiske samfunn.

Kapittel 2: **Omsorg i barnehagen** drøfter omsorg som ein grunnleggjande verdi og holdning i personale i barnehagen sitt møte med barnegruppa og det einskilde barnet.

Kapittel 3: **Barnehagen som arena for oppseding** handlar om grunnleggjande trekk ved oppseding.

Kapittel 4: **Barnehagen som læringsarena** drøfter læring i barnehage, barnehagen som kulturformidlar og seks fagområder som skal vere til stades i aktivitetar som er leia av vaksne.

Kapittel 5: **Arbeidsmåtar og former for læring** handlar om grunnleggjande prinsipp for barnehagen si pedagogiske verksemd.

Kapittel 6: **Planlegging, dokumentasjon og vurdering** set krav til barnehagen sin årsplan og handlar om dokumentasjon som synleggjering av barnehagen sitt arbeid overfor foreldre og samfunn.

Kapittel 7: **Samarbeid med skulen og andre tenester og institusjonar** handlar om instansar utanfor barnehagen som barnehagen må samarbeide med i ulike samanhengar for at tilbodet til barn og foreldre skal bli koordinert på ein heilskapleg måte.

Dei sentrale prinsippa i rammeplanen vi har i dag vert foreslått vidareført. Syn på barn og barndom, eit heilskapleg læringsomgrep og barnehagen sin eigenart som arena for leik, omsorg, oppseding og

læring. Planen understrekar barn sin rett til medverknad og barnehagen si plikt til å ta omsyn til det einaskilde barn sine føresetnader og behov.

Departementet har lagt vekt på å formulera meir tydelege krav til tilsette i barnehagen for å sikra barn likeverdige barnehagetilbod av god kvalitet.

Departementet ser det som viktig å vidareføre barnehagen sin faglege fridom til å velje innhald og arbeidsmåtar.

Rammeplanen er eit kvalitetsdokument som tydeleggjer pedagogikken. Forslag til revidert rammeplan formulerer meir forpliktande mål for personale og presiserer personale sitt arbeid.

Det er ei blanding av omsorg/sosial kompetanse og læringsproblematikk.

Barnehageområdet si største utfordring vil vere å få implementert rammeplanen. Det vil krevje eit kompetanseløft i personalgruppa. Ein føresetnad vil vere at det vert avsett økonomiske midlar frå departementet.

Barnehagane må rekruttera og vedlikehalde personell som er gode nok.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Oppvekst – kulturutvalet i Tysvær kommune sluttar seg til framlegg til revidert rammeplan for barnehagen.

Arne Jensen
rådmann

Anne Lise Myrvoll
barnehagesjef

Vedlegg: Forslag til revidert rammeplan for barnehagen
Høyringsfråsegn

BEHANDLING I OPPVEKST- OG KULTURUTVALET- 03.11.2005

Rådmannen sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

VEDTAK I OPPVEKST- OG KULTURUTVALET - 03.11.2005

Oppvekst- og kulturutvalet i Tysvær kommune sluttar seg til framlegg til revidert rammeplan for barnehagen.



HØYRINGSFRÅSEGN - FORSLAG TIL REVIDERT RAMMEPLAN FOR BARNEHAGEN

Oppvekst- og kulturutvalet i Tysvær kommune handsama høyringsfråsegn til revidert rammeplan 03.11.05.

Tysvær kommune har følgjande merknader til forslag til revidert rammeplan for barnehagane:

- Det er positivt at revidert rammeplan er redusert frå 130 til ca. vel 20 sider. Det kan sikra at rammeplanen vil fungera som ein arbeidsreiskap for personale i barnehagane mellom anna i arbeidet med å planleggje, gjennomføra og vurdere innhaldet i verksemda.
- Rammeplanen vil fungera som eit statleg styringssignal i barnehagesektoren på lik linje med kunnskapsløftet til skulesektoren. Den vil synleggjera barnehagen si rolle som læringsarena. Barnehagen skal vere ein del av barn si livslange læring. Det gir positive signal at stat og kommune set barn sine oppvekstvilkår på dagsorden.
- Det er positivt at rammeplanen tydeleggjer pedagogikken mellom anna ved at den formulerer forpliktande mål for personale og legg premissar for personalet sitt arbeid.
- Fagområda i rammeplanen er foreslått utvida til seks mot fem tidlegare. Det er positivt at rammeplanen er tydeleg på fagområda ved å skildra mål og oppnåing av målet ved at følgjande formuleringar er nytta:
Gjennom arbeidet med fagområdet skal barna:
For å oppnå desse måla må personalet:
- Barn sin rett til medverknad er eit sentralt tema i rammeplanen. Utfordringane for barnehagane vil vere å sikra at barn blir høyrde og tatt med i planlegging av kvardagen i barnehagen. Ein må og ha fokus på kva eit godt barnehagetilbod skal vere for 1 – 3 åringen. Ein føresetnad for å lukkast er at blir avsett tid til dette arbeidet.
- Det er positivt at rammeplanen setter søkjelyset på IKT som pedagogisk verktøy da dette er eit område som ikkje godt nok utvikla på barnehagesektoren.
- Ein mangel ved rammeplanen er at den seier lite om tema som: Likestilling, overgang barnehage – skule, barn med nedsett funksjonsevne og dei minste barna. Dette er sentrale tema som burde vore omtala i rammeplanen.

Generell kommentar: Det vil krevje eit kompetanseløft i personalgruppa for å få rammeplanen implementert i barnehagane. Ein føresetnad for å lukkast med dette arbeidet er at det blir avsett økonomiske midlar frå departementet. På same viset som det vart avsett midlar til kompetanseheving av lærarane i grunnskulen i samband med implementering av kunnskapsløftet.